

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 24.05.2018
FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye, Fagdirektør Christer Frantzen og HR og Organisasjonsdirektør Berit Berntsen.

SAKA GJELD: **Risikovurdering 1. tertial 2017**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **019/18**

STYREMØTE: **31.05.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2018 til etterretning.

Oppsummering

Arbeidet med risikostyring er forankra i SAV gjennom leiarmøte. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant. Gjennom fyrste tertial i 2018 er det samla risikobilete lite endra.

Fakta

Risikovurdering skal etter regional policy for risikostyring gjerast på føretaksnivå og peike på dei viktigaste risikoområda for føretaket.

Status i fyrste tertial:

Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta..» har risiko knytt til tilstrekkeleg med prosjekttressursar utan at dette verker inn på drift og at arbeidet med SAV sitt produksjonsstøttesystem som skal integrerast med Meona er forseinka.

Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..» har risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast og forankrast i regionane. Redusert risiko knytta til systematisk gjennomføring av marknadsarbeid og arbeid med kultur for meirsal gjennom dagleg rapportering av nøkkeltal og oppfølging av KPI-ar.

Styringsmål 3 «Legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar» har risiko i høve til i mangelsituasjonar på legemidlar og behov for å styre legemiddelkostnader .

Styringsmål 4 «HMS er ein sjølvsagt del av arbeidsdagen...» Aviksmeldingar og tiltak vert følgd systematisk opp. System HMS i produksjon av cytostatika, samt sikker arbeidsmetodikk stikk og kutt er utarbeidet, opplæring i samsvar med prosess Risikovurdering HMT er starta opp.

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet.

Kommentarar

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i SAV.

Konklusjon

Samla sett er risiko lite endra i andre tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast.

Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 1.tertial 2018